



Sykklistane frå Boston i USA. F.v: Karen, Beth, Sue og Stuart.

**Straks Kafe Tiaren opna i dag dukka det opp fire sykkelturistar, faktisk frå Boston i staten Massachusetts, USA. Dei kom med fly via København til Bergen og vil bruka to veker på sykkelen for å sjå fjord- og kulturlandskapet på Vestlandet. Det er fyrste turen deira til Noreg og alt no er dei storleg imponert over det får sjå og oppleve. I Uskedalen fekk dei mellom anna møta Rustne Menn i det dei avslutta øvinga si i Gamleskulen.**

Dag 1 på turen var å sykla Bergen - Voss over Hamlagrø. Så gjekk turen via Ulvik og Utne til Kvinnherad. Dag 3 er strekninga Rosendal - Utåker, ein etappe på 50 km. I reiseruta vert dei rådde til leggja turen innom Baroniet og rosehagen frå renessansetida. På vegen mot Uskedalen er Bygdetunet Rød nemnd som eit besøksmål.

Stopp på Husnes kan vera aktuelt dersom ein vil shoppa. Endemålet i dag er Skånevik Fjordhotell med ein tre retters middag. Dag fire tek til med å pakka lunsj og fylla termosen. Gjestene frå Massachusetts var med i eit større turfylgje på sykkel gjennom Kvinnherad i dag.



[Klar for ny etappe frå Uskdalen til Utåker.](#)

Syklistane med namna Karen, Beth, Sue og Stuart har alle høgare akademisk utdanning. To av dei jobbar i det internasjonale selskapet Johnson og Johnson. Ein er planleggjar innan seniorkultur og den siste har arbeidet sitt innan marketing.

Tekst: Svein Rimestad/Kristian Bringedal  
Foto/nett: Kristian Bringedal